



Innst. S. nr. 81

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 27 (2006-2007)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om endringar av løyvingar mv. for 2006 på Samferdselsdepartementets område

Til Stortinget

INNLEIING

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Synnøve Brenden Klemetrud, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, frå Framstegspartiet, Bård Hoksrud, leiaren Per Sandberg og Arne Sortevik, frå Høgre, Øyvind Halleraker og Trond Hellesland, frå Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, frå Kristeleg Folkeparti, Jan Sahl, frå Senterpartiet, Jenny Klinge, og frå Venstre, Borghild Tenden, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legg fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m, 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post- og telekommunikasjonar.

PROGRAMKATEGORI 21.10

ADMINISTRASJON M.M.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma

SAMANDRAG

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1301 post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma, med 1 mill. kroner. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil foreslå å auke løyvinga over kap 605, post 01 Modernisering og utviklingsarbeid, med 1 mill. kroner.

For 2006 har Arbeids- og inkluderingsdepartementet eit tilleggsbehov på om lag 1 mill. kroner. Status for

den delen av forsøket som ligg under Samferdselsdepartementet er slik at løyvinga kan setjast ned.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen vil peke på at post 71 Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma er et samarbeidsprosjekt mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Samferdselsdepartementet. Komiteen tar til etterretning at Arbeids- og inkluderingsdepartementet har et tilleggsbehov på om lag 1 mill. kroner.

Komiteen har ingen merknader til omdisponeringen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at forsøksordningen med utdannings- og arbeidsreiser har som mål å kunne bidra til økt arbeidsdeltakelse for funksjonshemmede. Funksjonshemmede har en langt lavere yrkesdeltakelse enn befolkningen for øvrig, og behovet for å fjerne hindringene er betydelig. En av hindringene er mangelen på tilrettelagt transporttilbud. Mange faller utenfor andre eksisterende ordninger, og denne ordningen ble opprettet for å fange opp disse og dekke deres behov.

Disse medlemmer vil for øvrig vise til sitt forslag i Budsjett-innst. S. nr. 13 (2006-2007):

"Stortinget ber Regjeringen gjøre ordningen for tilskudd til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemmede permanent."

PROGRAMKATEGORI 21.20

LUFTFARTSFORMÅL

Samandrag

Kap. 1310 Flytransport

POST 70 KJØP AV INNANLANDSKE FLYRUTER

Samferdselsdepartementet foreslår at kap. 1310, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter får tilføyd stikkordet "kan overført". Som følge av avgiftsendringer i 2006, m.a. endringar i CO₂-avgifta, vil dei gjeldande

kontraktane bli reforhandla. Reforhandlingane som enno ikkje er ferdige, kan føre til at utbetalingane ikkje kan skje før i 2007.

Kap. 1313 Luftfartstilsynet (jf. kap. 4313)

POST 1 DRIFTSUTGIFTER OG POST 22
FLYTTEKOSTNADER

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1313 post 22 Flyttekostnader, med 6,2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 1313 post 1 Driftsutgifter.

I samband med Stortingets behandling av St.prp. nr. 66 (2005-2006), jf. Innst. S. nr. 205 (2005-2006), blei post 1 Driftsutgifter auka med 5 mill. kroner og post 22 Flyttekostnader med 25 mill. kroner. Fordelinga mellom postane var usikker.

Merknader frå komiteen

Komiteen har ingen merknader til at stikkordet "kan overføres" blir føyd til bevilgninger under kap. 1310 post 70 Kjøp av innenlands flyruter.

Komiteen ser behovet for å øke bevilgningene i kap. 1313 post 22 Luftfartstilsynet med 6,2 mill. kroner i forbindelse med flyttekostnader ved flytting av Luftfartstilsynet fra Oslo til Bodø, fordi beregningsgrunnlaget var noe usikkert.

PROGRAMKATEGORI 21.30 VEGFORMÅL

Samandrag

Kap. 1322 og kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS

POST 92 OPPTREKKSRENTE (KAP. 1322) OG POST 90
AVDRAG PÅ LÅN (KAP 4322)

Det blir foreslått ei løyving på 500 000 kroner på kap. 1322 post 92 Opptrekksrenter, på grunn av at Svinesundsforbindelsen AS har trekt på låneramma i 2006. I tillegg blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 4322 post 90 Avdrag på lån, med 5 mill. kroner.

Utpostering av postar frå Statens vegvesens rekneskap

Ved revisjonen av rekneskaper for 2004 og 2005 tok Riksrevisjonen opp manglande utpostering av saldi på to postar som ligg i balansen i Statens vegvesens rekneskap. Departementet foreslår å utpostere postar frå balansen i Statens vegvesens rekneskap som netto utgjør kr -1 396 779,60.

E16 Wøyen- Bjørum

Prosjektet er m.a. omtalt i St.prp. nr. 64 (2004-2005), side 3-4, og i St.prp.nr.1 (2006-2007), side 71. Etter den eksterne kvalitetssikringa blei styringsramma for prosjektet fastsett til 915 mill. kroner og kostnadsramma til 1 030 mill. kroner, omrekna til 2006-kroner.

Det er gjort ei ny vurdering av kostnadene, og denne gir ei styringsramme på 1 080 mill. 2006-kroner. Revidert kostnadsramme er rekna til 1 120 mill. 2006-kroner.

Merknader frå komiteen

Komiteen har ingen merknader til at det foreslås en bevilgning på 500 000 kroner på grunn av at Svinesundsforbindelsen AS har trukket på lånerammen i 2006, jf. kap. 1322 og kap. 4322 Svinesundsforbindelsen.

Komiteen har ingen merknader til orienteringa om E16 Wøyen-Bjørum.

PROGRAMKATEGORI 21.50

JERNBANEFORMÅL

Samandrag

Ekstern kvalitetssikring - nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika

På grunnlag av gjennomført ekstern kvalitetssikring blir det gjort greie for styrings- og kostnadsramme for prosjektet nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika.

Samferdselsdepartementet viser til omtale av prosjektet i St.prp. nr. 1 (2006-2007). I omtalen er det vist til at prosjektet nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika er til ekstern kvalitetssikring og at departementet vil kome tilbake til prosjektet når det er ferdig kvalitetssikra. I St.prp. nr. 1 (2006-2007) er prosjektet oppført med ei foreløpig kostnadsramme på 2 941 mill. 2007-kroner og ei styringsramme på 2 705 mill. 2007-kroner. Det er foreslått å setje av 490 mill. kroner til start av prosjektet i 2007.

Basert på den eksterne kvalitetssikringa er kostnadsramma for prosjektet fastsett til 3 165 mill. 2007-kroner og styringsramma til 2 787 mill. 2007-kroner. Den største uvissa i prosjektet er prisane i entreprenørmarknaden.

Forhandlingane om ny rammeavtale med NSB om kjøp av persontransport med tog

Ordninga med statleg kjøp av persontransporttenester med tog og arbeidet med å forhandle fram ei ny rammeavtale med NSB AS som skal gjelde frå 2007, er omtalt i St.prp. nr. 1 (2006-2007), side 103. Forhandlingane går inn i siste fase, og partane drøftar no detaljar som gjeld omfanget av togtilbodet og storleiken på den statlege løyvinga. Samferdselsdepartementet legg til grunn at for 2007 er løyvinga til kjøp av persontransporttenester med tog stor nok til å forbetre togtilbodet.

Rammeavtalen skal gjelde for fire år fram til 2011. Han skal framleis baserast på nettoprinsippet, som inneber at NSB beheld trafikkinntekta frå passasjerane og får ei statleg løyving som tilskot til drifta.

I motsetnad til gjeldande rammeavtale vil den nye avtalen fokusere på løysingar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Regjeringa er òg oppteken av at NSB under heile avtaleperioden skal ha interesse av å effektivisere drifta. Departementet vil derfor berre akseptere løyvingar som inneber kontinuerleg effektivisering.

I samband med utarbeidinga av rammeavtalen vil departementet og NSB forhandle fram kjøpsavtalen for 2007.

Merknader frå komiteen

Komiteen er kjent med at endringene omhandler eksternt kvalitetssikring av nytt dobbeltspor Lysaker-Sandvika og forhandlingene om ny rammeavtale med NSB om kjøp av persontransport med tog.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, har ellers ingen merknader.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet vil vise til sine generelle merknader i Budsjett-innst. S. nr. 13 (2006-2007) og til Fremskrittspartiets alternative budsjett 2007.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti viser til Budsjett-innst. S. nr. 13 (2006-2007) og til Kristelig Folkepartis alternative budsjett for 2007. Dette medlem vil peke på at Kristelig Folkeparti vil ha en langsiktig og reell satsing på jernbane som det miljøvennlige og trafikksikre transportmiddelet. Dette medlem viser til at følgende endringer er foreslått i Kristelig Folkepartis alternative budsjett:

"Kap. 1351 Persontransport med tog post 70 Kjøp av persontransport med tog, økes fra 1 598,5 mill. kroner til 1 648,5 mill. kroner. Økningen skal gå til kjøp av persontransport på hele Sørlandsbanen, slik at frekvens og dermed jernbanens andel av de reisende på strekningen kan økes."

Dette medlem viser videre til sine merknader i Budsjett-innst. S. nr. 13 (2006-2007) der det understrekes at det forventes at departementet i ny rammeavtale

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slike

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgende endringer:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|----------|------|--|-----------|
| Utgifter | | | |
| 1301 | | Forsking og utvikling mv. | |
| | 71 | Tilskot til arbeids- og utdanningsreiser for funksjonshemma, <i>kan overførast</i> , blir redusert med | 1 000 000 |
| | | frå kr 11 200 000 til kr 10 200 000 | |
| 1313 | | Luftfartstilsynet (jf. kap. 4313): | |
| | 1 | Driftsutgifter, blir redusert med | 6 200 000 |
| | | frå kr 141 900 000 til kr 135 700 000 | |
| | 22 | Flyttekostnader, <i>kan overførast</i> , blir auka med | 6 200 000 |
| | | frå kr 59 600 000 til kr 65 800 000 | |
| 1322 | | Svinesundsforbindelsen AS | |
| | 92 | (NY) Opptreksrenter, <i>overslagsløyving</i> , blir løyvd med | 500 000 |

med NSB om kjøp av jernbanetjenester, stiller krav om universell utforming av nytt materiell, men også oppgradering av eksisterende materiell. Dette medlem viser til sitt forslag i den forbindelse:

"Stortinget ber Regjeringen stille krav om universell utforming av nytt materiell, men også oppgradering av eksisterende materiell i ny rammeavtale med NSB om kjøp av jernbanetjenester."

På denne bakgrunn ser dette medlem det som svært positivt at det i proposisjonen slås fast at den nye avtalen vil fokusere på løsninger for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

PROGRAMKATEGORI 22.20 POST OG TELEKOMMUNIKASJONAR**Kap. 4380 Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)****Post 1 Diverse avgifter og gebyr**

SAMANDRAG

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 4380 post 1 Diverse avgifter og gebyr med 2,661 mill. kroner, jf. at i samband med lønsoppgjøret for 2006 er Post- og teletilsynet tildelt 2,661 mill. kroner i lønnskompensasjon på kap. 1380 post 1 Driftsutgifter. Etaten er sjølvfinansierende.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen vil peke på at økningen på kap. 4380 skyldes lønnskompensasjon for 2006. Komiteen understreker at etaten er selvfinsierende og har for øvrig ingen merknader.

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------------|------|--|------------------|
| Inntekter: | | | |
| 4322 | | Svinesundsforbindelsen AS | |
| | 90 | Avdrag på lån, blir redusert med | <u>5 000 000</u> |
| | | frå kr 32 000 000 til kr 27 000 000 | |
| 4380 | | Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380) | |
| | 1 | Diverse avgifter og gebyr, blir auka med | <u>2 661 000</u> |
| | | frå kr 173 600 000 til kr 176 261 000 | |

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet "*kan overførast*" blir tilføydd løyvinga under kap. 1310 Flytransport, post 70 Kjøp av innanlandske flyruter, *kan nyttast under kap. 1311, post 71*.
2. Samferdselsdepartementet i 2006 kan debitere statskassa sitt mellomvære med Statens vegvesen og kreditere konto for forskuvingar i balansen med 1 396 779,60 kr.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 11. desember 2006

Per Sandberg
leiar

Eirin Faldet
ordførar